

**Notat**

Dato: 07.09.2016  
Arkivsak: 2015/11349-26  
Saksbehandlar: biraase

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Deltaking i Samarbeidsråd Mangfold, integrering og inkludering**

Hordaland fylkeskommune deltek i Samarbeidsråd Mangfold, integrering og inkludering, som er oppretta på initiativ frå Bergen Næringsråd. Det er Bergen Næringsråd som er sekretariat for arbeidet.

Samarbeidsrådet har vedteke følgjande overordna mål:

«Bergensregionen skal bli ledende på mangfold, inkludering og integrering.»

Konkret vert det arbeidd med å finne fram til aktuelle modellar og løysingar for å sikre raskare og betre integrering av flyktningar i arbeidslivet. Dette er også i tråd med St.meld. nr. 30 (2015 – 2016) «Frå mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk».

Representantar frå følgjande organisasjonar er med i samarbeidsrådet:

Bergen Næringsråd

NAV

Bergen kommune

Hordaland fylkeskommune

Universitetet i Bergen

Bergen Røde Kors

Fellesforbundet

Innovasjon Norge